

VELKOMMEN TIL TYSNES OMSORGSSENTER



Tysnes Omsorgssenter

- VI HAR BEBUAREN I SENTRUM



VISJON OG MÅL

Tysnes omsorgssenter skal i all si verksemd leggja til grunn idèen om ei mest mogeleg heilskapeleg oppfatning av bebuaren og gje den enkelte eit verdig liv der ein får meistra det ein har føresetnad for. Den enkelte bebuar har sin identitet som skal takast vare på, og sin integritet som skal respekterast. Brukaren skal sikrast medverknad og påverknad i dagleglivet på institusjonen.



TYSNES OMSORGS- SENTER ROMMAR:

30 institusjonsplassar fordelt på 3 einingar med 10 bebuarrom på kvar eining

10 bustader der bebuarane får hjelp etter behov frå heimebaserte tenester

Dagsenter for heimebuande, demente.
8 brukarar 4 dagar i veka.

Konsertlokale, Storstove.

Produksjonskjøken

Fysioterapieining

Salong for hår og fotpleie.

Administrasjon for institusjon og open omsorg.

INSTITUSJONEN HAR 3 AVDELINGAR; FJORDEN, SÅTO OG NUTEN

SÅTO

Såto tilbyr langtidsopphald og opphald for rehabilitering, kartlegging/ utgreiing av funksjon, palliasjon og generell geriatri. Avdelinga finn du i 2. høgda. Tlf 41707981

Såto har utgang til Treningshagen, eit område med lettare kupert terreng, mot «Londo».

NUTEN

Nuten tilbyr langtidsopphald og opphald for rehabilitering, kartlegging/ utgreiing av funksjon, palliasjon og generell geriatri og har eit rom avsett til Øyeblikkelig Hjelp Døgntilbod. Dette er meint nytta til pasientar som treng eit tilbod i staden for sjukehusinnlegging, inntil 72 timar. Avdelinga finn du i 2. høgda. Tlf 41707980

FJORDN

Fjorden ligg i 1. høgda, og er ei miljøeining for brukarar med demenssjukdom. Eininga tilbyr opphald for utgreiing, korttidsopphald og langtidsopphald. Tlf 41707982

SANSEHAGEN

Sansehagen ligg i tilknytning til Fjorden og dagsenter, og har eige «lysthus» der ein kan grilla og ha ymse aktivitetar.



INNKOMSTSAMTALE

Dersom du kjem til langtidsopphald føreslår vi eit møte med deg, pårørande, avdelingssjukepleiar, leiar, evt. lege og fysioterapeut. Dette for å snakke om ønskje, behov, dine ressursar og avdelinga sine ressursar.

Vi utarbeider individuelle planar i lag med deg. Vi gjer merksam på at det kan vera naudsynt å byta rom og avdeling medan du er her. Gjeld særleg Fjorden avdeling.

NÆRASTE PÅRØRANDE

Vi ønsker gjerne å ha ein kontaktperson som næraste pårørende for informasjon om noko skulle oppstå, og at denne har ansvar for å informere andre i familien.

PRIMÆRKONTAKT

Kvar bebuar har eigen primærkontakt som har ansvar for å etablere et samarbeidsforhold til beboer og pårørende og er spesielt ansvarlig for å gje informasjon av generell og spesiell karakter, avtale praktiske ting angående penger/innkjøp av klær/ toalettartikler/ presanger/ frisørtimer o.l.



A photograph of a hospital room. On the left, a wooden hospital bed with a grey blanket is partially visible. In the center, a wooden bedside table on wheels stands next to a window. The window has light blue horizontal blinds and is flanked by light blue curtains. The wall behind the window is light-colored. The floor is a light, neutral color. A green rectangular overlay covers the right side of the image, containing text.

MØBLERING AV ROM

Alle rom er utstyrt med seng, nattbord, skap, hylle, TV , bord og stolar. Grunna reinhald og praktiske tilhøve for dei tilsette, er det avgrensa høve til å ta med egne møblar. Snakk med avdelinga om du har spørsmål ang dette. Det er ikkje høve til å skru eller spikre i veggene.



BESØK

Besøkjande er velkomne heile døgeret, så lenge bebuarar sjølv ønskjer det. Vi oppmodar besøkjande til å nytta bebuarromma, dette grunna omsyn til andre bebuarar. Det står kaffi framme på kvar avdeling, som besøkjande kan nytta.

Besøkande har ikkje tilgjenge i avdelingskjøkkenet. Om ein kjem mellom kl 21 – 08.00 er hovudinngang låst, men du kan ringe på ved dørpanelet.





PERSONLEGE TING

Private klede og personlege ting må merkast med namn. Kledda må helst ha innsydde namnemerke, då desse vert vaska ved vaskeri.

Vi har tøylevering to gongar pr veke, så det er naudsynt med rikeleg mengde klede. Institusjonen held tannkost, tannkrem og andre midlar til munnstell. Personlege toalettartiklar, som shampo, balsam, deodorant, hudkrem, barbersaker må ein halda sjølv. Det same gjeld batteri til høyreapparat m.m

Vi ber om at bebuarar og besøkjande viser omsyn ved bruk av mobiltelefon (delt internett) og anna nettbasert utstyr t.d komp som kan påverka medisinsk utstyr og teknologi. Omsorgssenteret har eit gjestenett som kan nyttast av alle.

Ta kontakt med leiinga om du lurar på noko.

PRAKTISK INFORMASJON



MÅLTID

Kl 08.30 Frukost
Kl. 13.00 Lunsj

Kl 16/ 16.30 Middag
Kl 19.30 Kvelds



ALARMSYSTEM

Alarmsystemet er basert på WIFI og ultralyd. Du får eit armband med alarmfunksjon. Med denne kan du tilkalle hjelp frå alle stader i bygget, og personale kan sjå kor du er.



STORSTOVA

Det er jamlege kulturelle framsyningar og konsertar på Storstova, der alle er velkomne. Det er høve for bebuarar og familiane å nytta Storstova ved t.d feiring av dagar. Avtalast med leiinga.



PARKERING

Det er ikkje tillete å parkere utanom oppmerka felt på gjesteparkering. Området framfor hovud-inngongane må ha tilgjenge for utrykningskjørety, drosjar og nyttetransport. Det er høve til å parkera nede ved gamle sjukeheimen.

AKTIVITETAR

Aktivitetar føregår på avdelingsstovene når ein har høve til det.



An elderly man with grey hair is seen from the side, sitting in a wheelchair on a balcony. He is wearing a blue shirt. The balcony has a glass railing and several potted plants, including purple flowers and green foliage. In the background, there is a modern building with large windows and a lush green landscape with trees and hills under a clear sky.

ØKONOMI

Ved korttidsopphald betalar du ein fastsett pris per døger. Ved opphald over 60 døger vert døgerprisen utrekna etter inntekt. Ved langtidsopphald trekkjer kommunen frå trygda di og du får utbetalt det resterande (kontantytginga).

Dersom du ikkje sjølv er i stand til å disponera kontantytgingane dine, skal tilsynslegen overføra disponeringa til institusjonen. Eigenbetalinga dekkjer mat, hus og medisiner, samt personleg hjelp og medisinsk behandling.



LEGE

Tilsynslege kjem ein dag per veke. Alle bebuarar får ei årleg undersøking av lege, og elles etter behov.



TANNLEGE

Tannlege kjem ein gong i året, tannpleiar og tannlege har tilsyn hjå alle. Dei med behov for oppfølging, får tidelt time ved klinikk. Elles avtale ved behov.n.



FYSIOTERAPEUT

Fysioterapeut yter behandling ved behov, særleg korttid/ rehabilitering.



FRISØR

Frisør kjem ca annankvar veke i salong, 1.høgda eller etter avtale.



FOTPLEIE

Fotpleiar kjem etter personleg avtale

SANSEHAGEN

Sansehagen ligg mellom miljøavdeling og dagsenter, og er særleg avsett for desse brukarane. Andre er og velkomne til å bruka denne.







Tysnes omsorgssenter

Uggdalsdalen 8,
5685 Uggdal

53 43 08 00